

HØYRINGSSVAR frå Hyllestad sokn

Vegval for framtidig kyrkjeordning

Det vises til Kirkerådets høringsnotat Veivalg for fremtidig kirkeordning. I høringsnotatet presenteres en rekke temaer og veivalg for den fremtidige kirkeordningen med i alt 27 spørsmål.

Se bakgrunnsmateriale på denne nettadressen: www.kirken.no/kirkeordning

Høringsinstansen gjøres oppmerksom på at spørsmålene står i et visst forhold til hverandre, noe som er påpekt i teksten.

Det er også anledning til å gi svar kun på et utvalg av spørsmålene.

Høringsvar bes sendt elektronisk til post.kirkeradet@kirken.no.

(Skriv gjerne inn svarene i denne Word-fila og send den som vedlegg til epost).

Opplysninger om høringsinstansen:

Navn på menighet/kirkelig fellesråd/organisasjon:

Hyllestad sokn

Adresse: Kommunehuset, 6957 Hyllestad

Kontaktperson: Irene Fløde - Kyrkjeverje

Høringsspørsmålene

«I den grad notatet inneholder vurderinger og stillingstagen er dette Kirkerådets foreløbige vurderinger og forslag. Når dokumentet har vært ute på alminnelig kirkelig høring, vil Kirkerådet drøfte saken på ny, og i et saksdokument for Kirkemøtet, etter planen i 2016, gi uttrykk for sine vurderinger og anbefalinger i lys av de signaler som har fremkommet i høringen.» (s 8)

Innleiande merknadar frå kyrkjeverje:

Vi støttar Kyrkerådet sin «Visjon for kirkeordningen» side 9.

Vi viser til Grunnlovens nye § 16 frå 2012: «*Den norske kirke, en evangelisk-luthersk kirke, forbliver Norges folkekirke og understøttes som sådan av staten.*» ... «*Nærmere bestemmelser om Kirkens ordning fastsettes ved Lov.*»

Stortinget ønskte i 2013 at folkekyrkjeomgrepet blir brukt fordi det framleis er ønskje om ei landsdekkjande kyrkje som er tilstade i alle lokalsamfunn. Kyrkjemøtet har sagt at kyrkja skal vere landsdekkjande og lokalt forankra.

Soknet er i følge kyrkjelova § 2 «*den grunnleggende enhet i Den norske kirke*».

Vi er glad for – og støttar Kyrkjemøtet som

- meiner at Den norske kyrkja er i ei særstilling som bør ha ei eiga lov
- ber Stortinget lovfeste at soknet framleis skal vere grunneininga i Den norske kyrkja og ha status som rettssubjekt
- ønskjer vidareføring av kommunal finansiering
- ønskjer at Den norske kyrkja framleis skal ha ansvar for gravferdsforvaltinga (slik som også alle dei andre evangeliske lutherske kyrkjene i dei nordiske landa har)

Kyrkjemøtet blir eige rettssubjekt, og overtek frå 2017 arbeidsgjevaransvaret for 1600 prester og andre statstilsette.

Kyrkjerådet sitt fleirtal ønskjer at bispedømerådet skal vere det felles arbeidsgjevarnivået i den lokale folkekirkja. Bispedømerådet har juridisk handleevne på vegne av kyrkja sitt nye sentrale rettssubjekt.

Det er ønskjeleg med ei sterk lokal kyrkje som har stor handlingsfridom og sjølvstyre. Det er i lokalsamfunna folkekirkja kan vere opa og levande, og då må ein ha lokal styring i og nær soknet. Dette er i samsvar med innspela til Kyrkjerådet sitt Refleksjonsnotat i 2012 der fleirtalet ønska ei sterk lokal kyrkje med stor handlefridom, sjølvstyre og reell medbestemmelse.

Lokalkirkja har ansvar for dåpsopplæring, presteteneste og tilbod om gudsteneste, dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd.

Ei svekking av soknet der mynde «vert flytta oppover» i systemet til bispedømerådet, vil svekke det lokale engasementet og såleis svekke lokalkirkja.

HØYRINGSSVAR frå Hyllestads sokneråd

1 Bør det gjøres endringer i fordelingen av oppgaver og myndighet mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå? I så fall hvilke og hvorfor?

VEDTAK – samrøystes fem av fem

Svar: JA

Kyrkjestructuren må forenklast (svar 4).

Kyrkjemøtet vedtok (KM 8/05) at Den norske kyrkja skal ha tre forvaltningsnivå med demokratisk valte organ. Då det er ønskje om eit forvaltingsorgan nærmere soknet enn bispedømerådet, får ein eitt forvaltingsorgan for mykje.

Oppgåver som i dag ligg til bispedømerådet må fordelast mellom eit lokalt nivå, eit større fellesråd på prostinivå / justert prostinivå, som har arbeidsgjevaransvar for alle tilsette med arbeid i den lokale folkekirkja, og det sentrale nivået – kyrkjerådet.

Ved ei endring må den lokale kyrkja styrkast. Målet må vere ei landsdekkjande folkekirkje der kyrkjelydane i sokna kan greie å utføre alle oppgåvene sine i samsvar med Kyrkjelova § 9, samt gjennomføring av gudstenesta.

2 Deler høringsinstansen Kirkerådets vurdering om at dagens finansieringsordning er den beste til å sikre en bred folkekirke?

VEDTAK – samrøystes fem av fem

Svar: JA

Dagens finansieringsordning må vidareførast!

Dagens finansiering med offentleg (stat og kommune) finansiering der kommunane bidreg med om lag 2/3 er heilt avgjerande for å sikre ei landsdekkjande folkekirkje som er tilstade i alle lokalsamfunn. Staten må finansiere prestetenesta, dåpsopplæring m.v. Kommunen sitt finansieringsansvar står kyrkjelova § 15 og omfattar m.a. utgifter til kyrkjer, kyrkjegarar, stillingar, administrasjon, kontorhald og konfirmasjonsundervisning. Stortinget må vedta ei eiga kyrkjelov for Den norske kyrkja der det offentlege finansieringsansvaret for Den norske kyrkja vert nedfelt. Dette i samsvar med særstillinga Den norske kyrkja har i Grunnlova § 16.

Kommune og kyrkje / kyrkje og kommune har sterke band som ikkje må undervurderast. At kommunen til dømes ikkje lenger tek økonomisk ansvar for kyrkjebygga vil ha katastrofale følgjer for mange kulturminne rundt om i landet.

Dersom Kyrkjemøtet vel å legge arbeidsgjevaransvaret for alle kyrkjelege tilsette som arbeider i den lokale kyrkja, til bispedømerådet blir konsekvensen av det at det blir slutt på kommunal finansiering fordi kommunane vil ikkje bevilge pengar til eit organ så langt unna soknet.

3 Dersom dagens finansieringsordning for Den norske kirke faller bort, hvilken ordning vil høringsinstansen gå inn for? Begrunn synspunktet.

VEDTAK – samrøystes fem av fem

Svar:

Vi føreset at dagens finansieringsordning vert vidareført. Skal til dømes ei livssynsavgift innførast MÅ det vere som eit supplement.

Grunnlovens nye § 16 frå 2012: «*Den norske kirke, en evangelisk-luthersk kirke, forbliver Norges folkekirke og understøttes som sådan av staten.*»

Statleg finansiering er framleis heimla i Grunnlova. Stortingsfleirtalet synes framleis å støtte offentleg finansiering av Den norske kyrkja.

Lokal kommunal finansiering har så lange tradisjonar og er så avgjerande for ei lokal folkekirkje at dersom det skulle bli ei endring her, vil rådet avvente med å svare for bastant på spørsmålet til problemstillinga eventuell blir reell.

4 Hvordan kan kirkestrukturen forenkles for at knappe ressurser kan bli rasjonelt utnyttet?

VEDTAK – samrøystes fem av fem

Svar:

Kyrkjemøtet (KM 8/05) vedtok tre forvaltningsnivå med demokratisk valte organ.

Soknet er og må framleis vere grunneininga i Den norske kyrkja – føresetnad for å vere Landsdekkjande.

Trass grunnlovfesta vidareføring av offentleg finansiering, vil ressursane for Den norske kyrkja bli mindre når den vert skilt frå staten..

Mindre ressursar vil tvinge fram ei forenkling i kyrkestrukturen. Det er difor avgjerande med ein enkel kyrkestuktur utan for mykje byråkrati. To til eitt arbeidsgjevarnivå vil bidra til forenkling. Med eit felles arbeidsgjevarorgan på eit nivå mellom dagens fellesrådsnivå og bispedømenivået, vil vi også få færre fellesråd. Tal fellesråd kan bli redusert frå 430 til omkring 150 fellesråd.

Dersom arbeidsgjevaransvaret blir lagt til det nye og større / meir robuste fellesrådet, vil ein kunne avgrense seg til tre nivå i Den norske kyrkja: Kyrkjemøte – fellesråd og sokneråd.

Prosten må knytast opp til eit nytt fellesråd – prostiområdet må vurderast.

Bispedømenivået vil kunne reduserast til ein fagstab rundt biskopen. Denne fagstaben kan knytast til fellesrådet sin administrasjon, då bispeseta er knytt til byar der fellesråda har relativt store administrasjoner med fagleg tyngde.

5 Har høringsinstansen synspunkter på kriteriene for soknestørrelse og sokneinndeling i en fremtidig kirkeordning?

VEDTAK – samrøystes fem av fem

Svar:

Sokna må vere store nok til at det kan vere tilsett ein dagleg leiar. Eit sokn vil ikkje lenger kunne fungere utan administrativ hjelp.

Det er viktig for lokalkyrkjas eksistens at den også i framtida får behalde gravferdsforvaltinga som lokalt kan vere med og sikre stillingar i sokna av ein viss storleik.

Geografi og busetnad må også spele inn og ha betyding for storleiken på sokna. Av den grunn vil det rundt om i landet framleis vere sokn med stor variasjon i tal medlemer.

6 Bør ordningen med to organer for soknet (menighetsråd og fellesråd) videreføres?

VEDTAK – samrøystes fem av fem

Svar:

JA

Ordninga med to organ for soknet bør fortsetje noko også refleksjonshøyringa i 2012 gav det klare råd om. Storleiken på sokna kan til ein viss grad vere bestemmande for oppgåvefordelinga mellom dei to organa. Sjå og svar på spr. 7

Soknet som grunneininga i Den norske kyrkja MÅ stå fast og ikkje rokkast ved sjølv om Kyrkjemøtet blir eit eige rettssubjekt. Skal folkekirkja framleis vere landsdekkjande MÅ lokal handleevne vere nærmest mogeleg soknet og nær der kyrkja er aktiv.

7 Hvis ordningen videreføres: På hvilket nivå bør fellesorgan for flere sokn ligge (kommunenivå eller annet nivå, f.eks. prostinivå eller bispedømmenivå)?

VEDTAK – samrøystes fem av fem

Svar:

Framtidig kommunestruktur vil ha betydning for framtidig kyrkjestruktur.

Eit fellesorgan for fleire sokn må ligge på kommunenivå etter at kommunereforma er vedteken. Nokre kommunar kan framleis bli for små til å verte robuste forvaltingseininger, og då må det etablerast samarbeid på tvers av kommunar på justert prostinivå (vertsfellesråd). Kommunal finansiering vert vidareført.

8 Hvis ordningen videreføres: Bør det gjøres endringer i oppgåvefordelingen mellom menighetsråd og fellesråd?

VEDTAK – samrøystes fem av fem

Svar:

Kyrkjelovas oppgåvefordeling mellom dei to organa bør i hovudsak vidareførast, men endring kan vurderast. Der den geografiske avstand mellom soknet og det «nye» større forvaltningsnivået er veldig stort vil det kunne medføre at nokre fleire oppgåver enn i dag bør ligge i soknet. I byar med store sokn kan det truleg med fordel vere større delegasjon av oppgåver frå fellesrådet til sokna.

Soknet må ha uttalerett som skal tilleggjast vekt i alle tilsetjingssaker som gjeld tilsette med arbeid i soknet. Soknet må kunne kome med budsjettinnspel og andre innspel om soknet sitt behov.

9 Bør all virksomhet i soknet underlegges styrings- og ledelsesansvaret til soknets organer?

VEDTAK – samrøystes fem av fem

Svar:

Ja, all verksemda i soknet bør inkluderast i styrings- og leiingsansvaret for soknet sine organ. Det bør etablerast ordning for dagleg leiing som også inkluderer prestetenesta.

Soknet må framleis ha hovudansvar for oppgåver etter KL § 9, og soknepresten etter tenesteordninga for prestar. (TOM § 10) «*Presten utøver et pastoralt lederansvar og bidrar til strategisk og åndelig leiing i og av menigheten*». Presten må vere seg bevisst og utøve sitt pastorale leiarskap sjølv om han ikkje er dagleg leiar i soknet.

10 Hvordan bør daglig ledelse for virksomheten i soknet organiseres?

VEDTAK – samrøystes fem av fem

Svar:

Sokna bør fortrinnsvis vere store nok til å ha eit kontor som inkluderer prestetenesta, og ha ein dagleg leiar. Hovudregelen bør vere at dagleg leiar ikkje er presten, men ein kan gjere unnatak..

11 Hvilken rolle bør biskopen ha i en fremtidig kirkeordning?

VEDTAK – fleirtalet på fire

Svar:

Biskopen må framleis ha ei viktig rolle i framtidig kyrkjeordning i samsvar med tenesteordninga for biskopar.

Biskopen bør konsentrere seg om tilsynet og ikkje ha arbeidsgjevaransvar, men bør ha uttalerett ved tilsetjing av prester og andre vigsla stillingar.

Biskopen sitt tilsyn med kyrkjelydar må styrkast. Sokna bør visiterast ein gong i kvar soknerådsperiode og ikkje som i Bjørgvin der det kan gå 13-14 år mellom kvar visitas.

Mindrettalet – presten støtter Kyrkjerådet sitt fleirtal A.

2 Hvilke virkemidler bør biskopen ha for å kunne ivareta tilsynet på en god måte?

VEDTAK – fleirtalet på fire

Svar:

Soknerådet støttar kyrkjerådet sitt mindretal i at biskopen sin tilsynsfunksjon bør utviklast og tydeleggjeraast både overfor prestar og andre vigsla medarbeidarar, men biskopen bør ikkje utøve arbeidsgjevar-funksjonar for prestane eller dei andre vigsla medarbeidarane. Biskopen bør også ha tilsyn med kyrkjelydane og andre kyrkjelege tilsette som ikkje er vigsla.

Biskopen bør ha ein liten stab for å hjelpe seg med tilsynet.

Mindrettalet – presten støtter Kyrkjerådet sitt fleirtal A.

Kirkerådets foreløpige vurdering: Til spr. 11 og 12.

A: Et flertall i Kirkerådet mener biskopens tilsynsfunksjon bør utvikles og tydeliggjøres både overfor prester og andre vigslede medarbeidere og biskopen bør lede prestetjenesten og utøve arbeidsgiverfunksjoner overfor prestene.

13 Hvordan bør utpeking av biskoper skje i en fremtidig kirkeordning?

VEDTAK – samrøystes fem av fem

Svar:

C – vidareføring av dagens ordning.

Nominasjon av fem personar men med eventuelt mindre justeringar.

14 Bør bispedømmerådet opprettholdes som rådsorgan på bispedømmenivå, og hva skal i så fall være bispedømmerådets rolle i kirkestrukturen?

VEDTAK – fleirtalet på fire

Svar:

Med store fellesråd på prostinivå treng ein ikkje å oppretthalde bispedømmerådet som eit demokratisk valt rådsorgan. Vi støttar kyrkjerådet sitt mindretal. *Rådets nåværende oppgaver bør i stedet ivaretas av andre organer.*

Mindretalet – presten støtter Kyrkjerådet sitt fleirtal A.

15 Hvilke oppgaver bør i så fall legges til bispedømmerådet?

VEDTAK – fleirtalet på fire

Svar:

Ingen. Sjå svaret spr.1 og 14.

Mindretalet – presten støtter Kyrkjerådet sitt fleirtal A.

Kirkerådets foreløpige vurdering: Til spr. 14 og 15.

A: Et flertall i Kirkerådet mener bispedømmerådet bør opprettholdes som et demokratisk valgt organ. Bispedømmerådets oppgaver må vurderes i lys av plasseringen av arbeidsgiveransvaret.

16 Bør alle ansatte ha den samme arbeidsgiver og hvilket organ bør dette i så fall være?

VEDTAK – fleirtalet på fire

Svar:

JA alle som arbeider lokalt bør ha same arbeidsgjevar.

Hyllestadsokneråd støttar det mindretalet i Kyrkjerådet som går inn for «at arbeidsgjevaransvaret for alle kirkelig tilsatte som arbeider i soknet legges til fellesrådet. Det forutsetter at det etableres bærekraftige storrelser på fellesrådsområdene (f.eks. på justert prostinivå) og at biskopens innflytelse på tilsetting og ledelse av prestetenesten sikres i tilstrekkelig grad.»

Kyrkjemøtet vedtok seinast i KM 05/13 at «Kirkemøtet fastholder målsettingen i tidligere kirkemøtevedtak om felles arbeidsgiveransvar i en fremtidig kirkeordning.»

Det er viktig å ha eit felles arbeidsgjevaransvar med felles mål, forpliktingar og strategi. Tilsetjing, leiing og styring er funksjonar som bør ligge på eit lavast mogeleg nivå, nær der arbeidet / tenestane vert utført.

Det vil vere starten på slutten for ei landsdekkjande folkekirkje om arbeidsgjeveransvaret vert flytta frå eit nivå som handlar på vegne av soknet, som er grunneininga i Den norske kyrkja, og til Bispedømerådet som har sin juridiske handleevne (kompetanse) på vegne av det nye sentrale rettssubjektet. Vi får då ei kyrkje som er styrt ovanifrå, og ikkje frå soknet som i dag. Ei toppstyrt kyrkje strid imot det «alle» meiner – at soknet skal styrkjast i ei ny kyrkjeordning.

I høyringssvara til Kyrkjerådet sitt Refleksjonsdokument i 2012 meinte fleirtalet at arbeidsgjeveransvaret for alle tilsette bør ligge til eit organ på prostinivå /justert prostinivå.

Bispedømemodellen vil medføre at bispedømerådet og biskopens mynde også vil omfatte sokna sitt ansvar og mynde knytt til undervisning (kateket), diakoni (diakon) og kyrkjemusikk (kantor) – vigsla stillingar. Biskopen vil ønske å ha praktisk arbeidsgjeveransvar for dei vigsla stillingane, for så å delegera til soknet arbeidsgjeveransvaret for dei andre tilsette. Dette vil lokalt vere meir konfliktskapande enn dagens ordning, der berre presten er tilsett av bispedømerådet.

Finansieringa vil bli dårlegare fordi kommunane sitt finansieringsønskje vil bli mindre dess lenger avstanden frå soknet til forvaltingsorganet blir. Nedgang i lokal finansiering vil svekke aktiviteten i soknet.

Mindretal – presten støtter Kyrkjerådet sitt mindretal C i spr. 16 – 19.

**17 I hvilken grad bør arbeidsgiverfunksjoner fordeles på de ulike organer?
(Biskopen regnes i denne sammenheng som et organ).**

VEDTAK – fleirtalet på fire

Svar:

Arbeidsgjeverfunksjonar bør ikkje fordelast på ulike organ. Arbeidsgjeveransvaret bør samlast på eitt organ som handlar på vegne av soknet. Soknet må halde fram som eige rettssubjekt. Arbeidsgjeveransvaret vil vere delegert til ein dagleg leiar i fellesrådet.

Mindretal – presten støtter Kyrkjerådet sitt mindretal C i spr. 16 – 19.

18 I hvilken grad bør det åpnes opp for lokale og regionale variasjoner i organiseringen av arbeidsgiveransvaret?

VEDTAK – fleirtalet på fire

Svar:

Ved dei høva der kommunereforma ikkje får store nok kommunestorleikar – fellesrådsområde som er robust nok, må det vere mogeleg med samarbeid mellom fleire fellesråd – andre løysingar, vertsfellesråd. Geografi og folketal varierer.

Mindretal – presten støtter Kyrkjerådet sitt mindretal C i spr. 16 – 19.

19 Hvordan bør man på best mulig måte ivareta særpreget til prestetjenesten og andre vigslede tjenester?

VEDTAK – fleirtalet på fire

Svar:

Som no må dette bli ivaretatt gjennom tenesteordningane som gir fagleg sjølvstende og integritet i arbeidet, samt vigselsliturgiar. Biskopen ved prosten har, og bør framleis ha, tilsynsansvar som med fordel kan styrkast. Men det må og takast omsyn til at fleirtalet av tilsette i Den norske kyrkja ikkje er vigsla.

Mindretale – presten støtter Kyrkjerådet sitt mindretal C i spr. 16 – 19.

Kirkerådets foreløpige vurdering: Til spr. 16 – 19.

C: Et annet mindretall i Kirkerådet går inn for at dagens delte organisering av arbeidsgiveransvaret videreføres med de modifikasjoner som er nødvendig for en større grad av samordning. Det inkluderer en styrket rolle for soknets organer ved prestetilsettinger, tilsetting av alle vigslede stillinger i bispedømmerådet og at det etableres en ordning for felles eller samordnet daglig ledelse lokalt.

20 Har høringsinstansen synspunkter på Kirkemøtets rolle i kirken?

VEDTAK – samrøystes fem av fem

Svar:

Kyrkjemøtet må fortsetje som kyrkja sitt øvste nasjonale organ.

Kyrkjemøtet skal utføre sitt arbeid i lojalitet mot den evangelisk-lutherske lære (jfr KL § 28).

Kyrkjemøtet må i framtida konsentrere seg om mål, retning, organisering og økonomi.

Kyrkjemøtet må bli mindre byråkratisk, og ha noko mindre detaljavgjersle i ein skilde saker. Kyrkjerådet må få større avgjerdsmynne enn i dag for å avlaste Kyrkjemøtet.

Soknet må halde fram som eige rettssubjekt, og kyrkjemøtet må ikkje ha generell instruksjonsrett overfor sokna. Kyrkjemøtet si mynde overfor soknet må definerast nærmare.

21 Har høringsinstansen synspunkter på hvordan Kirkemøtet skal settes sammen?

VEDTAK – samrøystes fem av fem

Svar:

Lokalkyrkja må framleis vere sterkt representert, då frå dei nye einingane på prostinvået, men med fordel også av representantar valt på fritt grunnlag .

Dagens valording kan bli vidareført. Det er viktig at ordninga med ein kombinasjon av direkte og indirekte leke medlemer vert vidareført. Ved nominasjon bør erfaring frå råds- og anna kyrkjeleg arbeid vektleggast.

22 Har høringsinstansen synspunkter på Bispemøtets oppgaver og rolle i kirkeordningen, herunder forholdet til Kirkemøtet og Kirkerådet?

VEDTAK – samrøystes fem av fem

Svar:

Støttar Kyrkjerådet sitt mindretal 1 B.

1B: Et mindretall i Kirkerådet mener Bispemøtet også i en fremtidig kirkeordning bør være et sentralt organ med ansvar for å samordne de oppgaver som er tillagt de enkelte biskopene samt ivareta helhetskirkelige spørsmål. Kirkerådets mindretall legger til grunn at Bispemøtet er ansvarlig for forberedelse og oppfølging samt avgir innstilling i lære- og liturgisaker overfor Kirkemøtet.

Meiner og at Kyrkjerådet må ha større avgjerdsmynne enn i dag for å avlaste Kyrkjemøtet.

23 Har høringsinstansen synspunkter på spørsmålet om ledelse av biskopene?

VEDTAK – samrøystes fem av fem

Svar:

Biskopane bør bli leia av preses, men som i dag bør kvar biskop ha teologisk fridom. Det kan vurderast om Bispekontoret preses skal ivareta arbeidsgjevarfunksjonar for dei andre biskopane på vegne av Kyrkjerådet.

24 Har høringsinstansen synspunkter på Kirkerådets funksjon og sammensetning?

VEDTAK – samrøystes fem av fem

Svar:

Kyrkjerådet bør stå ansvarleg overfor Kyrkjemøtet og bør difor bli nemnt opp som eit styre og ikkje som i dag.

25 Bør ordningen med en egen lærenemnd videreføres, og hvilken funksjon skal en slik nemnd i så fall ha?

VEDTAK – samrøystes fem av fem

Svar:

Den norske kyrkja si lærenemnd bør avviklast då den ikkje har hatt nokon reell funksjon. At ikkje nemnda har vore samla sidan 2006 støttar dette synet. Bispekontoret må kunne ivareta oppgåvene som i dag er lagt til lærenemnda. Kyrkjemøtet har øvste mynde i lærespørsmål. Ei forekling med omsyn til administrering, også på grunn av knappare ressursar, støttar og nedlegging. Støttar fleirtalet i Kyrkjerådet.

26 Har høringsinstansen synpunkt på hvordan ansvaret for samisk kirkeliv skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?

VEDTAK – samrøystes fem av fem

Svar:

Samisk kyrkjeråd bør fortsatt vere eit råd under Kyrkjemøtet, der medlemene blir oppnemnt som i dag. Støttar kyrkjerådet si førebelse vurdering.

Kirkerådets foreløpige vurdering:

Samisk kirkeråd bør forbli et råd under Kirkemøtet og medlemmene oppnevnes som i dag. Det bør i framtiden utredes muligheten for et fellesmøte for samisk kirkeliv som velger representanter til de tre nordligste bispedømmerådene.

27 Har høringsinstansen synpunkt på hvordan ungdomsdemokratiet og Ungdommens kirkemøte skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?

VEDTAK – samrøystes fem av fem

Svar:

Det kyrkjelege ungdomsdemokratiet bør regelfestast som ein del av kyrkjeordninga som blir vedteken av Kyrkjemøtet. Framleis må ungdommens kyrkjemøte ha rett til å melde saker til handsaming i Kyrkjemøtet, og framleis må fire representantar for Ungdommens kyrkjemøte møte på Kyrkjemøtet med tale- og forslagsrett.

Funksjonane til Ungdommens kyrkjemøte vert vidareført som i dag. Når bispedømenivået vert lagt ned må ein sikre representasjon frå nytt prostinivå.